ALVER
KOMMUNE

Vest Vvs As
Torvhusmyrane 18
5913 EIKANGERVÅG

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: Ref.:F34VSY-Skjemanr.:3934 | Linda Hammersvik Folkestad | 20.12.2022 |
| Vår: 22/8795 - 22/97002 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Foreløpig svar på røyrleggjarmelding - gbnr 196/25 Midtgård

**Tiltak:** Tilknyting offentleg avløp via privat slamavskiljar, har kommunalt vatn
**Byggjestad:** Kleivdalsvegen 49 – Gbnr 196/25
**Tiltakshavar:** Pernigotti Gonzalo A C
**Ansvarleg søkjar:** Vest VVS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må sendast inn situasjonsplan som viser avløpsleidning frå veggliv bygg og fram til tilknytingspunkt på kommunalt leidningsnett.

2. Det må sendast inn tinglyst avtale om felles solidarisk ansvar for del av leidningsnettet som vert felles fram til tilknytingspunkt kommunalt leidningsnett. Dersom ein må gå over annan manns grunn med private stikkleidningar, skal det også ligge føre tinglyst rett til dette.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 02.01.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Pernigotti Gonzalo A C | Kleivdalsvegen 49 | 5915 | HJELMÅS |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Vest Vvs As | Torvhusmyrane 18 | 5913 | EIKANGERVÅG |